

Eit generøst språk

Går ein på café i Oslo og dyrker sin eigen melankoli er dette eit nærliggjande tema for bøkene ein skriv. Er ein vaksen opp på gard på Sunnmøre, er dette óg ein ballast ein kan trekke på litt-rært. Rønnaug Kleiva gjer det siste. Eg er ikkje populist lenger; eg held ikkje slike opplevingar for å vere meir verdfulle enn caféopplevingar. Det er ikkje meir stas med fjosstell enn med capuccino. For meg. For meg kjem det an på

om den som skriv kan handtere språket. Og om det ein skriv om på denne måten beveger seg over frå det privat registrerande til det alment gyldige. Eg er ikkje viss på om Rønnaug Kleiva når ut av den private sfæren. Men eg er viss på at jenta skriv eit pokker så godt språk. Og då tilgjev eg mykje, også at ho kan hende ikkje held fast ein større «poesiroman» er «Å fø fram ein kalv over vinteren».

Eg var óg velvillig innstilt til debut-diktboka «Animasjon», sjølv om den óg sjølv sagt kan kritiseras for å vere innelukka, privat. I prosaboka kan eg som lesar slå tre fluger i ein smekk: Rønnaug skriv eit godt, poetisk språk, det vil seie at det tek overraskande vendingar. Ho skriv frå ein barndom eg sjølv kan kjenne att, og assosiere til ut frå hennar opne språk. Og ho let språket flyte så det blir meir «generøst», og skapar meir stoff for assosiasjo-

nar enn den språkleg svært puristiske «Animasjon». Og skapar slik nye muligheter for prosaen. Skulle ho skrive ei tradisjonell «forteljing» om desse emna, er eg nokså viss på at eg ikkje ville gidda å følgje med. Men som sagt: Det generøse ligg i å opne for andre stemmer enn si eiga, altså lesarens.

Ein skulle kanskje tru at den feminine synsvinkelen Rønnaug Kleiva nyttar skulle lukke mannlege lesarar meir eller mindre ute.

Eg trur slike tolkingar bygger på feministiske misforståingar. Visse røynsler er kan hende spesifikt kvinnelege, likevel kjenner eg meg meir heime hos Rønnaug Kleiva enn hos 95% av hennar mannlege kolleger. Eg trur me har ei språkleg vinkling felles som gjer meg til ein generøs lesar.

Rønnaug Kleiva:
Å fø fram ein kalv over vinteren
Poesiroman./Samlaget 1986

Finn Øglænd